

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 19.05.2014
Vår ref.: 2014/555-11
Saksbehandlar: lisadla
Dykkar ref.: «REF»

Fylkeskommunal trafikksikringspris i Hordaland - forslag til kandidatar

I *Handlingsplan for trafikksikring for Hordaland 2014-2017* er det etablert ein trafikksikringspris som eit nytt trafikantretta tiltak i regi av Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU). Det er sett av 25.000 kr kvart år i denne planperioden. Føremålet med ein slik pris er å gje ei påskjøning til dei som legg ned mykje arbeid og engasjement for betre trafikktryggleik i fylket. Intensjonen er å på ein god måte å synleggjere trafikksikringsarbeidet i fylket, samstundes som prisen vil kunne vere til inspirasjon og motivasjon til vidare arbeid. Det er eit mål at prisen løfter fram enkeltpersonar eller grupper som har gjort ein særskilt innsats. FTU som vil vere ansvarleg for nomineringsprosessen og tildeling av prisen. Det vert lagt opp til at prisen skal delast ut kvart år på den årlege trafikksikringskonferansen til FTU, men dette avheng sjølvstøtt av om det er aktuelle kandidatar til prisen.

Fyrst og fremst skal prisen stimulere til engasjement blant dei som i utgangspunktet ikkje har trafikksikring som si hovudoppgåve, men likevel har vist særleg stor innsats i samband med trafikksikringsarbeidet i fylket. Det er likevel slik at også personar som har trafikksikring som sitt daglege virke kan vere kandidatar til å kunne få tildelt prisen.

Vi ber om at kandidatforslag med grunngjeving vert sendt på e-post til lise.adlandsvik@hfk.no innan onsdag 13. august 2014.

For meir informasjon om Hordaland fylkeskommune sitt trafikksikringsarbeid sjå hordaland.no/ftu

John Martin Jacobsen
leiar

Lise Ådlandsvik
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:
Fylkeskommunal trafikksikringspris i Hordaland - vilkår

Adresseliste:

Alle kommunane i Hordaland
Hordaland politidistrikt
Statens vegvesen, Region vest
Trygg Trafikk